



Kommuneplanen sin arealdel-innspel

Møte: Innspel til KPA-møte med Arild Aase

Tid: Mandag 19. desember kl. 9 til 10

Stad: Flatøy møterom

Deltakrar	Arild Aase Alver kommune, plan og analyse: Terje Villanger og Marte Hagen Eriksrud
Referent	Marte Hagen Eriksrud

Bakgrunn for møte – avklaring rundt innspel til KPA Alver

Sak 1	<p>Privat drikkevatn på Aase</p> <p>Arild Aase har sendt inn innspel til KPA Alver for å sikre omsynet til drikkevasskjelda (privat) på Aase.</p> <p>Aase informert i møte om at det i dag er utfordringar knytt til kvaliteten på det private drikkevatnet (tidlegare kommunalt drikkevatn). Bakgrunnen for avgrensinga av innspelet er ny aktivitet i eit område som grenser til drikkevatnet. Døme på ny aktivitet; etablering av skogsveg, tilkøyring av masser og etablering av jordtipp. Aase saknar oppfølging frå kommunen si side knytt til tiltaka sin konsekvens for kvaliteten på drikkevatnet.</p> <p>Arild Aase har hatt dialog med kommunen, både med landbruksavdelinga, miljø og tilsyn, ordførar og kommunaldirektør i saka. Aase opplyste om at han er blitt oppmoda om å kontakte Mattilsynet for å få registrert at det er eit privat drikkevatn. Mattilsynet viste derimot til at det er kommunen som skal ha oversikt over drikkevatn.</p> <p>Aase meiner at prosessen knytt til ny aktivitet ikkje har skjedd i tråd med regelverket og at det har vore ein dårleg prosess med lite informasjon. Aase meiner at det er etablert ein skogsveg (500 m), utan løyve. Løyve er søkt om etter at skogsvegen er etablert, og er innvilga i etterkant. Det har vore utfordrande å få innsyn i dialog mellom tiltakshavar og Alver kommune, knytt til søknader/dialog.</p> <p>Aase viste bilete på at massane inneheldt hageavfall, asfalt, betong og stål m.m. Videre at tiltaka har gitt avrenning til drikkevatn, og redusert kvaliteten på drikkevatnet. Viser til at det har vore/er store kostnader for å prøve å sikre filtrering av drikkevatnet. Aase informerte om at han har pressa gjennom at det skal takast drikkevassprøver. Naturvernforbundet er og involvert. Aase har kontakta miljø og tilsyn i Alver kommune, men dei har berre vore opptekne av at massane ikkje inneheld søppel.</p> <p>Arild Aase har ønskje om at det vert lagt inn ei omsynssone for drikkevatn i KPA Alver. I møte informerte kommunen sine representantar at det er ein pågåande prosess hos vatn og avlaup for å avklare kva det er mogleg å sikre i KPA. Det er ulike grader av sikring for</p>
--------------	--



	<p>drikkevatt og det skal avklarast kva som er relevant å ta i bruk i KPA Alver. Dette drikkevattnet er ikkje aktuelt som reservedrikkevatt for kommunalt vatn.</p>
Sak 2	<p>Om andre innspel til kommuneplanen sin arealdel for Alver (jp. 22/69987)</p> <p>Arild Aase spelte inn ulike former for LNF-spreidd næring til rullering av kommuneplanen sin arealdel i Lindås. Aase var ikkje den gongen klar over konsekvensen av innspel på LNF-spreidd næring. Særleg knytt til at det var lagt inn areal til LNF-spreidd næring på eigedomen med krav om reguleringsplan.</p> <p>Aase har sendt inn innspel til KPA Alver og det er behov for dialog mellom Aase og Alver kommune, for å avklare kva føremål og kva areal som skal vurderast i planarbeidet. I prosessen med arealdelen, før samanslåing, var det avgrensa med tid til dialog på enkeltsaker. Plan og analyse har i arbeidet med kommuneplan for Alver ønskje om å sikre ein betre dialog.</p> <p>Plan og analyse informerte om at det har vore nokre endringar i kva type tiltak som ligg innanfor arealføremålet, LNF-spreidd næring.</p> <p>Eigedomen er ein stor landbrukseigedom, og det er utfordrande for grunneigar å vite kva aktivitet han skal legge opp til, som sikrar nødvendig kapital til å halde eigedom og bygningar i stand. Aase har ambisjonar om å halde eigedomen samla, bevare garden og bevare dyrka mark. 4 generasjonar som har budd på garden; inkl. avløysar. Har vore slik i 20 år.</p> <p>I møte vart ulike aktuelle tiltak drøfta.</p> <p>Utfordring knytt til plankrav; utarbeiding av reguleringsplan inneberer ein stor kostnad.</p> <p>Aase har tankar om campingplass i tilknytning til hundestevner, med stort behov for overnatting. Parkering av campingvogner og gjerne hytteutbygging. Plan og analyse informerte om at campingplass er eit eiga arealføremål, og kan ikkje leggest inn under LNF-spreidd næring. Tretopphytter kan i nokre tilfeller komme innunder LNF-spreidd næring</p> <p>Tilleggsnæring i form av «Inn på tunet»-aktivitet ligg innunder LNF-spreidd næring.</p> <p>Aase har tanker om å etablere eit eige område med gardsutsal. Tun med boder for gardsutsal eller eit felles bygg. Ideen er at andre bønder kan leige seg ein bod for å selje sine varer/produkt.</p> <p>Aase har tanker om å etablere eit areal som eit område med LNF-spreidd bustad. Fint område for bustader på toppen. På same tid ønskjer ikkje Aase å skilje ut tomter frå eigedomen. Plan og analyse informerte om at LNF-spreidd bustad vil innebere utskiljing av tomter frå eigedomen. Det er ikkje krav om reguleringsplan for LNF-spreidd bustad.</p> <p>Semje om at Alver kommune inviterer Aase til eit nytt møte i januar. I tillegg til plan og analyse, bør landbruk og kanskje byggesak delta på møte. Viktig å ha ei felles drøfting av kva handlingsrom for utvikling Aase har.</p>